# Henrik frå Sund på sølvplass i «Årets lærling»

**Henrik Bakke (20) frå Tofterøy i Sund kom på sølvplass i kåringa av «Årets lærling» i bygg- og anleggsbransjen på Vestlandet.**

Henrik Bakke har vore lærling hos Brødrene Ulveseth og tok fagprøve i vår, og jobbar no som fagarbeidar i verksemda.

– Eg trives veldig godt både med arbeidsoppgåver og med kollegaene. Det fine arbeidsmiljøet betyr veldig mykje, seier Henrik.

Han vart skada i ei arbeidsulykke ikkje lenge etter han byrja som lærling. Han måtte gjennom ein operasjon som gjekk fint, men trong mykje opptrening og kvile før han kunne kome tilbake til arbeidslivet, skriv EBA Vestenfjelske i ei pressemelding.

Det vart laga ein oppfølgingsplan som Henrik følgde til punkt og prikke. «Han vart ein lærling som betonglaget alltid ville ha med seg på grunn av si positive haldning og veldig gode humør», står det i grunngjevinga frå verksemda. «Henrik Bakke har vist at med rett innstilling og vilje er alt mogleg, og han nådde målet sitt om å verte betongfagarbeidar».

Kåringa fann stad på eit arrangement i regi av Entreprenørforeningen Bygg – Anlegg, Vestenfjelske avdeling. Henrik fekk 5.000 kroner i premie.

**KAJA DISTAD CARLSEN**
kaja.carlsen@vestnytt.no



Henrik Bakke frå Tofterøy i Sund kom på delt andreplass i kåringa av «Årets lærling» i bygg- og anleggsbransjen på Vestlandet. FOTO: EBA VESTENFJESKE

## Sette seg bak rattet i Subutex-rus

Ei kvinne frå regionen er dømt for ruskøyring etter ein kort køyretur nattestid på Litlesotra. Kvinna var rusa på både Subutex og to beroligande legemidlar då ho vart tatt av politiet.

Subutex blir brukt som rusavvenning av narkotikaavhengige, men kan også brukast som smertestillande.

Blodprøvane viste at Subutexen og det eine beroligande middelet kvar for seg tilsvarte ein alkoholpromille på over 1,2. I tillegg kom ein mindre ruseffekt av det andre beroligande middelet.

Kvinna hadde heller ikkje førarkort.

Slik køyring skal normalt straffast med fengsel utan vilkår. Men Bergen tingrett viste til at det har gått veldig lang tid før saka kom opp for retten. Køyringa fann stad sommaren 2017. Difor er ho dømt til 21 dagars fengsel på vilkår. Held ho seg på matta i to år, slepp ho altså å sona.

Kvinna kan heller ikkje ta førarkort dei næraste to åra.

Ruskøyring blir normalt også straffa med ei bot på halvannan månadsløn. Men kvinna er ikkje i jobb og har lite pengar, difor sette retten bota til 3000 kroner.

*Ankefristen er ikkje ute.*

**KYRRE STYVE**
kyrre.styve@vestnytt.no

# Han er ny sjef for Sotra Fiskeindustri

> – Det er ingen tvil om at det er en ønskedrøm å prøve seg i denne bransjen, sier han.

Trond Helge Nyegaard tar over for Kjell Inge Eide som startet opp Sotra Fiskeindustri.

Nyegaard er bosatt i Bergen og har utdanning fra Handelshøyskolen BI og har lang erfaring fra næringsmiddelindustrien. Han har blant annet vært toppleder i Baker Brun-konsernet og salgsdirektør for storhusholdning i Kaffehuset Friele.

– Jeg har store forventninger til jobben som daglig leder i Sotra Fiskeindustri. Det er en industri i vekst og som kommer til å være i vekst i mange år fremover.



Trond Helge Nyegaard er ny daglig leder i Sotra Fiskeindustri FOTO: PRIVAT

**– Ikke vanskelig å takke ja**

Sotra Fiskeindustri holder til i Porsvika på Glesvær. Selskapet slakter, fileterer, røyker og graver laks og ørret. Neste år feirer bedriften 40 år.

– Det er ingen tvil om at det er en ønskedrøm å prøve seg i denne bransjen. Da jeg fikk muligheten, var det ikke vanskelig å takke ja, sier Nyegaard.

Han tror utfordringene kan bli mange, som i alle andre bransjer, men at det viktige er hvordan man takler dem.

– Det er viktig å få til godt råstoff slik at vi kan bearbeide produktene og skape gode og nye produkter både for Norge og internasjonalt, sier han.

**– Vi er glade for at han starter hos oss**

Styreleder i Sotra Fiskeindustri, Ellen Pedersen, tror bedriften kan dra god nytte av at Nyegaard har kompetanse fra andre områder i næringsmiddelindustrien.

– Han har en annen kompetanse enn det vi har hatt tidligere. Vi er veldig glade for at han har valgt å begynne hos oss. Han har allerede startet i jobben og vil i første omgang bruke tiden på å bli godt kjent med produksjonen, alle de ansatte og alle våre samarbeidspartnere, sier Pedersen.

Tidligere daglig leder Eide får nye arbeidsoppgaver i firmaet.

– Han fylte 60 år i sommer og har lenge uttrykt at han ønsker nye arbeidsoppgaver etter fylte 60 år. Prosessen med å finne en ny daglig leder startet på forsommeren, men det tar sin tid å finne den rette. Eide kommer til å drive mer med utvikling, samtidig som han vil overføre den kompetansen han har som tidligere daglig leder i bedriften, sier Pedersen.

**HILDE OLSEN AALVIK**
hilde.olsen.aalvik@vestnytt.no

# Etterlatte etter Turøy-ulykken venter fortsatt på erstatning

**Tre og et halvt år er gått siden Turøy-ulykken. Nå håper advokaten på fortgang i forhandlingene med helikopterprodusenten, melder TV 2.**

I 2016 styrtet et Super Puma-helikopter, som var på vei fra Nordsjøen til Flesland, over Turøy. 13 mennesker omkom.

Ifølge TV 2 venter 11 av familiene til de omkomne fortsatt på erstatning.

– Vi har stevnet Airbus for fransk rett fordi vi mener de etterlatte vil tilkjennes et bedre erstatningsoppgjør i Frankrike enn i Norge, uttaler advokat Stephan Eriksson i Astra advokater til TV 2.

Han håper på et forlik med Airbus Helicopters innen et par måneder, og er klar på at de vil kjøre saken i fransk rett om det ikke skulle skje.

Anny Britt Telle frå Telavåg, som mistet ektemannen Lyder Martin Telle i ulykken, forteller til TV 2 at hun kjenner seg maktesløs over ikke å bli ferdig med erstatningssaken:

– Jeg føler at det er en uthalingsprosess som vi ikke har noen innvirkning på. Vi er en liten dråpe i havet, sier hun til TV 2.

**ANNE JO LEXANDER**
anne.jo.lexander@vestnytt.no



Tidligere i vår ble minnesmerket for Turøy-ulykken avduket på Turøy.
FOTO: INGER ELISE J. ØKLAND (ARKIV)